



# *Jula 2004*

*Julehelsing frå soknepresten*

*Etisk forbruk - kva er det?*

*Soknerådssamlinga 2004*



*Julekort frå Nepal*

*Desse handbroderte julekorta  
frå Nepal var til sals  
før jul. Det var  
meininga å  
reklamere for  
dei i  
kyrkjebladet, men no  
er alle selde !!!*



*Me ynskjer alle ei god jul,  
og eit godt nytt år!*

## VAKSDAL PRESTEGJELD

### Kyrkjekontoret for Vaksdal

Pb 113, Fabrikkevegen 3  
5721 Dalekvam

Tlf. 56 59 39 20 Fax 56 59 39 29

e-post: [kyrkjekontoret@vaksdal.kyrkja.no](mailto:kyrkjekontoret@vaksdal.kyrkja.no)

#### Ekspedisjonstid:

Tysdag og torsdag kl. 09.00-13.30,  
onsdag kl. 10.30-13.30

### Kyrkjevevje Svein Tøsse,

Tlf. kontor 56 59 39 21

Mobiltilf. 95 97 99 05

e-post:

[kyrkjevevja@vaksdal.kyrkja.no](mailto:kyrkjevevja@vaksdal.kyrkja.no)

### Sokneprest Frode Kvamsøe

Tlf. kontor 56 59 39 20,

e-post:

[soknepresten@vaksdal.kyrkja.no](mailto:soknepresten@vaksdal.kyrkja.no)

Tlf. privat 56 59 73 15

Mobiltilf 90 19 65 14

e-post: [fkvams@online.no](mailto:fkvams@online.no)

### Kapellan Edvard Bø

Tlf. kontor 56 59 70 88

Mobiltilf. 90 84 06 24

Fax 85 02 45 70

e-post: [kapellanen@vaksdal.kyrkja.no](mailto:kapellanen@vaksdal.kyrkja.no)

Postboks 23, 5725 Vaksdal

Kantorane Olav Arne Steinkopf og

Tone Synnøve Øygard Steinkopf

Tlf.kontor: 56 59 39 20

Tlf. privat: 56 59 56 25

e-post: [steinkopf@c2i.net](mailto:steinkopf@c2i.net)

### Organist i Eksingedalen og Eidsland

Asbjørn Nese

Tlf. privat: 56 59 59 26

### Samtale med presten

Prestane står til disposisjon for samtale.

Avtal helst på førehand.

Prestane har teieplikt.

### STOFF TIL NESTE NR.

må vera kome inn til Kyrkjekontoret  
innan 1.mars

Neste nummer kjem ut til påske



*Kling no , klokka!  
Ring og lokka,  
ring og lokka frå tusen  
tårn! Tona om frelsa!  
Kalla og helsa, kalla og  
helsa med fred Guds  
born!*

**På julaftan kan du høyre  
klokkeringing frå Nesheim kyrkje  
i radioen.**

I programmet som startar kl 1700 på  
julaftan får me høyre kyrjeklokker  
frå heile landet. Dei startar i nord, og  
går sørover. Om lag klokka halv seks  
skal tonane frå Nesheim lyda på  
radioar over heile landet.

### KYRKJEBLAD FOR VAKSDAL

Utgjevar: Sokneråda i Vaksdal

Bladpengar: kr. 100,-

Annonsepris: kr. 3,- pr. sp. Avgiftsfritt.

Bankgiro: 3500.07.05800

#### Bladstyrar:

Stoff kan sendast til Kyrkjekontoret.

Adressa finn de nedanfor.

#### Kasserar:

Vaksdal Kyrkjelege Fellesråd,

boks 113, 5721 Dalekvam

#### Eksp. Og trykk:

Øystese Trykkeri A/S, Boks 34

5604 Øystese. Tlf. 56 55 36 50.

**Retur til:** Kyrkjekontoret for Vaksdal,

Pb. 113, 5721 Dalekvam.



# Gamalt og nytt

Kvar dag freistar eg å få med meg nyheitene, anten på TV, radio, aviser eller Internett. Eg kan sjeldan gjere noko til eller få med dei, og som oftast gjeld dei ikkje meg direkte. Men eg synes likevel det er greit å vere orientert om det som skjer rundt om. Somme nyheter vert gløymt med det same, andre gonger hugsar eg overskriftene og det saka gjeld. Nokon gonger legg eg verkeleg merke til det som har skjedd, og held meg oppdatert i utviklinga.

Alle nyhende er sjølv sagt ikkje gode, og det verkar som om vi helst vil vite om det er det negative som skjer. I alle fall er det mitt inntrykk at det dette mediene melder vidare. Fordi dei "sel" best? Eg har forresten ei aukande kjensla av at mediene er fulle av uvesentlege ting, særleg på Internett. Vil media helst at eg skal fylle livet mitt med det som er uviktig, eller er det eg sjølv som vil gløyme kva livet verkeleg gjeld?

Eg les gjerne gamle aviser. Kor spanande er det ikkje å finne ei avis nytta som isolasjon i ein vegg, eller nedstøva i eit loft eller ein kjellar! Slik som då vi fann ei avis frå 9. april 1940 i eit hus vi leigde. Det er ikkje nett siste nytt eg får med meg i gamle aviser, men likevel kan det vere verdt å lesa dei. Dette gjeld særleg gamle lokalaviser, som kan ha reportasjar og intervju som framleis er interessante, nett av di dei er lokale og kan hende direkte gjeld meg og mit liv. Dei fortel gjerne kvifor og korleis aktuelle hendingar og tilhøve er nett som dei er no, og aukar forståinga for kvifor det er slik. Og noko av det eg les i gamle aviser, vert som

nyhende for meg, då eg ikkje fekk det med meg tidlegare.

Jula kan vi verkeleg seie handlar om gamalt nytt. Vi feirar ei hending for snart 2000 år sidan, kor førebuinga hadde starta endå fleire tusen år tidlegare. Men nett jula er og eit døme på at noko som skjer, kan ha noko å seie for oss no i dag, sjølv om det er gamalt nytt. Det er ikkje noko særstyn at born vert fødde. Men då Jesus kom, var det ei hending som fekk noko å seie for alle menneske til alle tider, jamvel for deg og meg i dag! Difor handlar jula og om gamalt nytt, som i er aller høgste grad er aktuelt i dag.

Kan det kan vere at vi går gjennom advents- og juletida utan å få med oss kva som verkeleg har hendt? Tradisjonar og gamle vanar, blanda opp med tidkrevjande aktivitetar og førebuingar, kan ta så mykje krefter og merksemd frå oss, at vi rett og slett går glipp av kva som verkeleg skjedde i jula. Og kva det har å seie for våre liv i dag. Jula gjeld ei sak som aldri vert gamal og uaktuell!

***Eg ynskjer dykk alle ei velsigna  
god julehøgtid!*** Frode Kvamsøe



# Soknerådssamlinga 2004

18. november var alle medlemmar og varamedlemar i sokneråda kalla inn til fellesmøte. Det er eit til slike møter årleg, og dei er ein del av den lovfesta kommunikasjonen som skal finne stad mellom sokneråda og fellesrådet. Dette stykket er henta frå referatet frå møtet.

## Fyrste del:

### Ny tenesteordning for prestane

Prosten i Hardanger og Voss, Knut A. Knudsen, hadde kalla inn alle soknerådsmedlemmer, varamedlemar og tilsette i Vaksdal prestegjeld for å orientera om den nye tenesteordninga for prost og prestar. Av 60 innkalla personar i sokneråda møtte 24. 12 hadde meldt forfall, medan 24 hadde ikkje meldt ifrå at dei ikkje kom.

Leiar i Vaksdal kyrkjelege fellesråd, Tove Margrete Nordmark, ynskte velkommen og las nokre tankevekkande ord.

Prosten viste til geografien i prostiet vårt som strekkjer seg frå Vaksdal til Røldal, store avstandar som gjer det vanskeleg for prestane å ha heile prostiet som tenestedistrikt, slik intensjonen er i den nye ordninga. Ei inndeling i 3 tenestedistrikt kan vera meir høveleg. Den nye inndelinga er tenkt slik at Voss og Vaksdal vert eitt distrikt. Med dette vert det 6 prestar og 1 kateket som deler arbeidsoppgåvene mellom om seg

Dei tidlegare prestegjeldsgrensene fell bort. Det vert to einingar: soknet og tenestedistriktet.

Prestane skal vera knytt til sitt/sine sokn og gjera 2/3 av tenesta i soknet og 1/3 i andre deler av tenestedistriktet. På den måten kan ein få:

- meir normal fordeling av arbeid og fritid for prestane
- betre utnytting av prestane sine spesielle interesser og nådegåver
- utnytta ressursane ved t.d. å gjenta vellykka prosjekt i andre sokn

Prosten stilte spørsmål om det er rett å bruka store økonomiske og menneskelege ressursar til gudstenester der det er få framkomne. Ein kan heller gå inn for t.d. gudstenester på andre dagar enn søndag, spesielle typar gudstenester og gudstenester som er retta mot spesielle grupper.


## Andre del:

### Kyrkjeleg organisering, nye utfordringar

Vaksdal kommune har tenkt å løyve det same beløpet til kyrkja i 2005 som i 2003 og 2004. Dette ligg kr 200 000,- under budsjettframlegget frå fellesrådet. Grunna den svake økonomien framover vart det halde fram tre punkt som etter kyrkjevevja si meining ville kunne effektivisera drifta og gje innsparingar på lengre sikt.

#### **1: Slå saman alle sokna til eitt sokn i Vaksdal**

Tanken om å slå saman to eller fleire sokn har vore framme tidlegare. Modellen går ut på å ha eitt sokneråd, og fleire kyrkjelydsutval knytt til kvar kyrkje. Sokneråda vert valde for 4 år, medan medlemmane i kyrkjelydsutvala vert valde for to år. Utvala vert oppretta etter trong for å få utført oppgåver med kortare eller lengre tidshorison. Arbeidet med å utgreie eventuelle innsparingar og andre verknader av ei slik samanslåing er i gang.



#### **1. Redusera talet på gudstenester med 10%**

Det er i dag 120 forordna gudstenester i året. Utgiftene våre er knytt til oppvarming, lys, løner og reiseutgifter. Ei gudsteneste mindre kvar månad gjev litt lågare straumforbruk, men det monar ikkje så mykje om ikkje lønene vert reduserte tilsvarande.

#### **3. Redusera stillingane innafør kyrkja med 0,3-0,5 årsverk**

Den einaste måten ein kan redusere utgiftene til fellesrådet med så mykje som kr 200 000,- på, er å redusere lønsutgiftene. Dermed heng dette punktet saman med punkt 2, reduksjon i talet på gudstenester, og aktivitetar som kor, barnegrupper og konfirmantarbeid.

(referatet er noko forkorta, og vedlegg er tekne bort.)

# Etisk forbruk



Bjørgvin bispedøme inviterte til samling 6. nov. i Førde med fokus på: **”Etisk forbruk – kva er no det?”**

Om lag 40 personar var samla ein heil dag om dette temaet. I innleiingar og diskusjonar tok ein for seg det kristne forvaltaransvaret for skaparverket, og nestekjærleik i praksis, sett i høve til rettferd og miljø.

Kort oppsummert er den største utfordringa for oss her i Noreg vårt store forbruk. Det er ikkje bærekraftig (det kan ikkje halda fram slik), og det er ikkje rettferdig!

Kva kan vi så gjera om vi vil leva og handla meir rett?

Svar: Start med dei små ting: Nøy deg med litt mindre! Bruk ting om att, eller litt lenger. Del eller samarbeid med andre! Snakk med andre om utfordringane, og bli inspirert til handling!

Til samlinga var det utarbeidd ei særskild syndsvedkjenning, brukt under morgonbøna. Denne vert referert her, til ettertanke, – og til eige bruk?

Per Nordmark

*Herre, vi bruker mer enn det som er vårt.  
Derfor lider din skapning og ditt skaperverk.  
Vi forbruker jordens ressurser på bekostning  
av de fattige og undertrykte.  
Vi er fanget som forbrukere.  
Vi bekjenner at vi ikkje vil ut av vårt fangenskap.  
Vi søker trygghet ved å eie,  
og døyver uro ved å kjøpe.  
Vi gir ting for tid.  
Vi bekjenner at vi elsker erstatningene.  
Vi stjeler fra vår barn og dem som kommer etter.  
Vi vet at livet på jorden er truet,  
men denne kunnskapen lammer oss.  
Vi bekjenner at passiviteten passer oss  
og at vi ikkje vil ut av den.  
Vi ser samfunn i oppløsning.  
Vi ser fattigdom og urett som går på livet løs.  
Vi ser fellesskapsverdier som undergraves.  
Vi ser menneskeverdet bli krenket.  
Vi ser forbrukerkulturen gripe dypt inn i våre liv.  
Vi bekjenner at vi lukker våre hjerter for det vi ser.  
Vi bekjenner at vi ofte vet – men vi vil ikke.  
Vi vil ikkje forplikte oss,  
derfor mister vår forkynnelse troverdighet.  
Vi vil ikkje bære vår del av forandringen,  
derfor bærer andre håpløsheten.  
Vi vil ikkje betale omkostningene ved å bryte opp,  
derfor brytes andre ned.  
Vi hoper opp enighet, men vi handler ikkje.  
Vi hyller kjærlighetsidealene, men vi følger dem ikkje.  
Herre, vi bekjenner at vi finner behag i å bekjenne,  
uten å bryte opp fra vår synd.*

*”Fra dypet roper jeg til deg, Herre,  
Herre, hør min røst!” (Salme 130,1)*

## KRISTENT NETTVERK FOR MILJØ OG RETTFERD

Kristent Nettverk for Miljø og Rettferd er starta for å fylge opp Kyrkja sitt arbeid med økologi, forbruk og rettferd. Nettverket er økumenisk, og knytter til seg kyrkjelydar, organisasjonar og enkeltpersonar som ynskjer å arbeide med desse spørsmåla i den kristne kyrkja.

For meir **informasjon**, kontakt Lars Ove Kvalbein,  
tlf. 55 20 38 65 / 55 30 64 78 / 93 04 45 59

**Heimeside:** <http://www.kirken.no/miljo/index.html>

## 50-ÅRS KONFIRMANTAR I DALE KYRKJE 10.OKT. 2004



**Framme frå v.:** Karin Johanne Grøttå Sirevåg, Oddveig Dankertsen Kaland og Marta Rønhovde Holsen.  
**2.rad:** Margunn Langhelle Jøssang, Bodhild Myklebust Jordalen , Reidun Kvamme Visnes og sokneprest Frode Kvamsøe.  
**3.rad:** John Ulveseth, Asbjørn Berge, Karsten Vedå og Johannes Hårvik.

## 60-ÅRS KONFIRMANTAR I DALE KYRKJE 10.OKT.2004



**Framme frå v.:** Astrid Rolland Fosse, Nora Hop Danielsen, Tordis Ekanger Jørgensen , Anna Samuelsen Steinsland, Svanhild Dalseide.  
**2.rad:** Marta Hauge Brudvik, Marit Ekanger Heimdal, Pauline Dale Ramstad, Grete Fotland, Bjørgfrid Furnes Flostrand Hansen og Adler Wågenes.  
**3.rad:** Arnold Takvam, Birger Samuelsen, Åge Haug, Martin Berge, Jakob Stanghelle, Torvald Kvamme og sokneprest Frode Kvamsøe.



## VI SONG JULA INN PÅ NESHEIM

Advent har hatt sine lysmesser og konsertar, og jula er sunge inn i mange av kyrkjene våre. Mange kor og korps har vore med, og i år har særleg elevar frå Kulturskulen vore aktive.


Bileta til venstre er frå Nesheim kyrkje 3. sundag i advent

Øvst: Anna Bergo


Midten. Linda Merete Lavik, Thor-André Brørvik Eriksen, Ann Kristin Fosse.

Nedst: Sigrid Urke Nese.

Foto: Magnar Nese



## BARNAS KYRKJEBOK I NEPAL



Frå venstr: Chris Johansen, Ole-Johan Faugstad Gullbrå.

I gudstenesta 21.november på den norske skulen i Nepal fekk Ole-Johan Faugstad Gullbrå kyrkjeboka. Det var stor stas. Overrekkinga var det Jan Magne Moi frå Normisjon som stod for. I tillegg fekk også Chris Johansen frå Lebesby 4-års bok den dagen.

Familien Gullbrå har eiga web-side  
web-side: <http://home.no.net/kjagull>



# RIPS + FLASKER = SAFT!

*Annonse i kyrkjebladet i vår "bar frukt"....*

Kanskje du hugsar vårt vesle innlegg her i "Kyrkjebladet" i vår? Det om at me ynskte å få plukke rips frå hagane rundt om? Og at me gjerne tok i mot glasflasker som berre stod og støva ned i ei kjellarbod? Og at me skulle bruke alt dette til å lage saft?

Responsen frå dykk var stor! Og no vil me fyrst og fremst nytte høvet til å seie tusen takk! Me fekk skikkeleg mange koselege telefonar frå ulike stader i kommunen. Og alle som ringde, hadde bær eller flasker som dei gjerne ville gje vekk. Ja, i nokre av samtalanane fekk me til og med løyve om ferdigplukka rips! Me er så utruleg glade og takksame for at de har hjelpt oss. Tusen, tusen takk alle saman!

Så me plukka rips, mange lange dagar i sommar. Og me køyrde rundt og samla inn flasker og ferdigplukka bær. Og no har me laga saft og lagra den på flasker. Mange flasker! Safta er svært god (dette har me ikkje funne på sjølve, me har høyrte det av erfarne husmødre). Den er totalt fri for kunstige tilsetjingsstoff. Den inneheld vatn, sukker, rips, eple og kanskje ei aning bjørnebær eller bringebær.



## Og denne safta vil me no gjerne tilby for sal!

Me har ulike prisar pr. flaske, alt etter kor stor flasken er, med ein variasjon frå 35 til 45 kroner pr. flaske. Og me køyrer varene gratis ut til deg dersom du bur i Vaksdal kommune.

Inntekta går til Norges Samemisjon sitt arbeid på Kolahalvøya i Russland. Denne organisasjonen driv eit omfattande humanitært og evangeliserande arbeid blant den samiske delen av busetnaden i dei to små byane Revda og Lovozero. Midlar som kjem inn til dette arbeidet, vert brukte til å gje dei aller fattigaste eit varmt måltid 3 gonger for veka, til akutthjelp der det trengs medisinar, sjukehusopphald eller husreparasjonar, og som økonomisk hjelp til samiske studentar slik at dei kan få seg utdanning og dermed sjanse til arbeid. I tillegg driv Norges Samemisjon fleire arbeidsstover for alkoholskadde menn og kvinner i dei same byane.

PS: Vil berre seie at i tillegg til å selje saft, sel me også brus og heimestøypte lys. Og all inntekt går til det same gode formål.

Dersom du ynskjer å kjøpe noko av dette, kan du ringje til Åshild på tlf. **991 65 714** eller Ove på telefon **482 51 021**

Takk for di støtte!!!

Med vennleg helsing  
Barne- og ungdomsrådet,  
Norges Samemisjon, Bergen krets



# Korkonsert med Jessy Dixon og Elsa Harris!

Måndag 31. januar i Haga kyrkje, Samnanger

Kantorane i Samnanger har invitert oss her i Vaksdal til å vere med og lage kor til konsert med Jessy Dixon og Elsa Harris.

Ingen annan gospelsongar har gjesta Noreg meir enn Jessy Dixon og pianisten hans; Elsa Harris. Dixon syng svart gospel, ei populær musikkform som mange likar. Samarbeidet med dei lokale kora er ein viktig del av konserten.

Me ynskjer å ta del i dette og verte ein del av det lokale koret i Samnanger. I Samnanger vert det laga prosjektkor. Trengereidkoret vert med, og frå Vaksdal vert medlemmar i Kilden med. Allereie no utgjør dette 60-70 songarar, og då kan det

verte skikkeleg trøkk!! I Samnanger vil dei lage band, så musikken får full fylde saman med pianisten.

Me ynskjer at alle som har lyst, skal få høve til å vere med på dette. Andre interesserte kan då lære songane ved å vere med på Kilden sine øvingar i januar og delta på framføringa som er 31. januar.

På framføringsdagen kjem pianist Elsa Harris til øvinga kl. 17.00 for å finpusse på songane saman med koret. Dette kan verte ei flott oppleving, og har du ikkje høve til å vere med i koret kan du jo kome på konserten.....

Helsing kantorane Steinkopf

## Oppsett for øvingane:

Fredag 7. jan kl. 18.00-19.30 øving Vaksdal kyrkje

Fredag 14. jan kl. 18.00-19.30 øving Vaksdal kyrkje

Fredag 21. jan kl. 18.00-19.30 øving Vaksdal kyrkje

Fredag 28. jan kl. 18.00-19.30 øving Vaksdal kyrkje

Måndag 31. jan kl. 17.00 øving i Haga kyrkje, Samnanger

**MÅNDAG 31. JANUAR kl. 20.00 KONSERT i HAGA KYRKJE, SAMNANGER**

## JULEFESTAR

**BERGSDALEN  
UNGDOMSHUS**

**Torsdag 30. desember kl. 13.00**

**STANGHELLE BEDEHUS**

**Søndag 2. januar kl. 17.00**

Andakt v/Reidun Skurtveit

Arr. Stanghell Indremisjon,  
søndagsskulen og barnelag

**VAKSDAL BEDEHUS**

**Laurdag 8. januar kl. 17.00**

Arr: Vaksdal sokneråd

**NYTTÅRSKONSERT  
I DALE KYRKJE**

**Søndag 9. januar kl. 18.00**

**HORDALAND KORFORBUND**

Dale Mannskor, Trengereidkoret,  
Kortpusten, Breistein Mannskor,  
Mannskoret Varden, Haukeland Songlag  
og Kordial

**50-års jubileum for  
BERGSDALEN KYRKJE**

**Søndag 12. juni 2005**

**FORSONGARKOR I KYRKJENE 1. JULEDAG**

Dei som ynskjer å vera med i forsongarkor,  
kan møta i Dale og Vaksdal kyrkjer 1. juledag kl. 9.45



## SLEKTERS GANG

### DØYPTE

#### DALE

24.10 Emma Bolstad Farestveit  
24.10 Mari Faugstad Hesjedal  
07.11 Tor Einar Bekkenes Tollefsen

#### BERGSDALEN

31.10 Markus Dalseid Landro

#### VAKSDAL

14.11 Ida Berge Halland  
12.12 Ingeborg Straume Audestad  
12.12 Eirik Litangen-Thomassen

#### STAMNES

20.06 Amalie Hesjedal Skrede  
24.10 Thomas Hop  
28.11 Frida Myster Dyvik

### VIGSEL

#### DALE

11.12 Elin Berntzen og  
Gunnar Jakobsson  
Velsigning av ekteskap  
20.11 Linda og Erlend Ragnvaldsen

### AVLIDNE

#### DALE

01.10 Gottfred Kvamme f.1915  
01.10 Jon Straume, f.1972  
23.10 Lars Folkedal, f.1938  
29.10 John Hesjedal, f.1915  
18.11 Odny Ingeborg Fotland, f.1938  
18.11 Einar Langhelle, f.1913

#### VAKSDAL

03.10 Else Tollefsen, f.1923  
09.10 Maud Thomassen, f.1905  
12.10 Gunnhild Oliva Herfindal, f.1914  
18.11 Anna Maria Sæterdal, f.1914

#### STAMNES

28.10 Marta J.Dyvik, f.1928

#### EKSINGEDALEN

25.10 Nils Rune Brekklus, f.1957

#### BERGSDALEN

Alise Konstanse Lid, f. 1908

## MINNEORD

**Johannes Haugen f.1913 i Eksingedalen, er død og vart gravlagt fredag 3.des. på Møre.**

Johannes var bonde i Eksingedalen i mange år, før han gifte seg og flytta til Møre og overtok garden til kona der. Han var ein akta og vyrd mann, og primus motor i alt kyrkjeleg arbeid i ein mannsalder. Soknerådsformann i mange år, fast festtalar og opplesar på allslags tilstellingar. Desse talane, og Johannes sin lune humor, har blitt eit minne for livet for alle oss som fekk oppleve den tida.

Kyrkjebladet hadde ei interessant fortelling av Johannes Haugen i vår, då var altså Johannes i sitt 92. år, om kyrkjegang i gamle dagar. Det var gild lesnad.

Me lyser fred over Johannes Haugen sitt minne.

Ei siste helsing frå gode vener i Eksingedalen.

### RETTING FRÅ FØRRE NR.

Det var diverre falt ut eit namn på konfirmantane frå Dale kyrkje 1954.

Rett liste skal vera:

**2.rad f.v.:** Pastor Nikolai Lien, Arne Petersen, Gerd Karin Røe, Astrid Hvidsten, Kari Elisabeth Hellestræ (Flatekval), Ingrid Hesjedal (Skogstad), Astrid Irene Hesjedal, Oddveig Asbjørg Birkeland (Djukastein), Reidun Nora Kvamme (Visnes), Turid Utskott (Seim), Olaug Cecilie Stavland, Oddveig Dankertsen (Kaland), Karin Margrethe Fornes, Steinar Hestad.

### God bjørkeved til sals

30 cm i 60 l sekk, kr.55,- (hentepris)  
Kaminved i 40 l sekk kr.40;- (15-20 cm)  
Har og litt granved, og olderved, rimeleg.  
Kan også levera tilkøyrt, ev. innlagt i hus.

Tlf. 56 59 58 11

Aage Lavik  
5729 Eidslandet

Returadresse: Kyrkjeblad for Vaksdal  
Postboks 113  
5721 Dalekvam

## **VELKOMMEN TIL KYRKJA**

### **VAKSDAL KYRKJE**

**Julaftan kl.16.00** Familiegudsteneste. Bø.  
Offer til Kirkens Nødhjelp.  
**1.juledag kl.11.00** Høgtidsgudsteneste.  
Kvamsøe. Nattverd.  
Offer til Det Norske Misjonsselskap.  
**Nyårsaftan kl.16.00. Sjå Stamnes kyrkje!**  
**9.jan.kl.11.00** Høgmesse. Bø. Nattverd. Offer  
til Tibetmisjonen.  
**23.jan. kl.11.00** Høgmesse. Kvamsøe. Nattverd.  
Offer til Det norske Bibelselskap.  
**6.febr. kl.11.00** Familiegudsteneste. Kvamsøe.  
Utdeling av Nytestamente til 5.klassingane.  
Offer til Barne- og ungdomsarbeid på Vaksdal.  
**Oskeonsdag 9.febr. kl.19.00** Skriftemåls-  
gudsteneste. Kvamsøe. Nattverd.  
**20.febr. kl.11.00**Høgmesse. Bø. Nattverd.  
Offer til Sjømannskirken.  
**6.mars kl.19.00** Høgmesse. Kvamsøe.  
Nattverd. Offer til kyrkjelydsarbeidet.  
**Palmesøndag 20.mars kl.10.00** Merk tida!  
Høgmesse. Bø.  
Offer til Norsk Luthersk Misjonssamband.

### **DALE KYRKJE**

**Julaftan kl. 15.00 og 16.00**  
Familiegudsteneste. Kvamsøe.  
Offer til kyrkjelydsarbeidet.  
**1.juledag kl.11.00** Høgtidsgudsteneste. Bø.  
Nattverd. Offer til Norsk Kristelig Folke-  
høgskolelag.  
**Nyårsaftan kl.16.00. Sjå Stamnes kyrkje!**  
**Nyårsaftan kl.23.15** Midnattsmesse. Kvamsøe.  
**16.jan. kl.17.00** Familiegudsteneste. Kvamsøe.  
Utdeling av Nytestamente til 5.klassingane.  
**30.jan. kl.11.00** Høgmesse. Bø. Nattverd.  
**13.febr. kl.16.00 Sjå Stanghelle!**  
**27.febr. kl.11.00** Høgmesse. Kvamsøe  
Nattverd.  
**13.mars kl.18.00** Tomasmesse. Bø. Nattverd.

### **STANGHELLE BEDEHUS**

**13.febr. kl.16.00** Familiegudsteneste. Kvamsøe.

### **STAMNES KYRKJE**

**Julaftan kl.13.30** Familiegudsteneste.  
Kvamsøe. Offer til kyrkjelydsarbeidet.  
**2.juledag, 26.des. kl.11.00**  
Høgtidsgudsteneste. Kvamsøe. Nattverd.  
Offer til Det Norske Misjonsselskap.  
**Nyårsaftan kl.16.00.** Minnegudsteneste  
for heile prestegjeldet. Bø.  
**9.jan. kl.17.00** Familiegudsteneste. Bø.  
Utdeling av Nytestamente til 5.klassingane  
Offer til kyrkjelydsarbeidet.  
**30.jan. kl.11.00** Høgmesse. Bø. Nattverd.  
Offer til Tibetmisjonen.  
**20.febr. kl.20.00** Høgmesse. Bø. Nattverd.  
Offer til Kirkens Bymisjon.  
**13.mars kl.11.00** Høgmesse. Bø. Nattverd.  
Offer til kyrkjelydsarbeidet.

### **EIDSLAND KAPELL**

**Julaftan kl.14.00** Vi syng jula inn.  
**Nyårsaftan kl.16.00. Sjå Stamnes kyrkje!**  
**16.jan. kl.11.00** Familiegudsteneste.  
Kvamsøe. Utdeling av Nytestamente til  
5.klassingane. Offer til kyrkjelydsarbeidet.  
**13.febr. kl.17.00** Høgmesse. Bø. Offer til  
Tibetmisjonen.

### **BERGSDALEN KYRKJE**

**2.juledag, 26.des. kl.11.00** Høgtids-  
gudsteneste. Bø.  
Offer til Evangeliesenteret.  
**Nyårsaftan kl.16.00. Sjå Stamnes kyrkje!**  
**23.jan. kl.11.00** Familiegudsteneste. Bø.  
Utdeling av Nytestamente til 5.klassingane  
Offer til Det Norske Bibelselskap.  
**6.mars kl.11.00** Familiegudsteneste.  
Kvamsøe. Skidag.

### **EKSINGEDALEN KYRKJE**

**Julaftan kl.11.00 Sjå Nesheim kyrkje!**  
**2.jan.kl.11.00** Familiegudsteneste. Bø.  
Utdeling av Nytestamente til 5.klassingane  
Offer til misjonsprosjektet.  
**13.febr. kl.11.00** Høgmesse. Kvamsøe.  
Nattverd.

### **NESHEIM KYRKJE**

**Julaftan kl.11.00** Familiegudsteneste. Bø.  
Offer til Sjømannskirken.  
**6.febr. kl.11.00** Familiegudsteneste. Bø.